

# Har me gjort den ”blodige dronning Ranavalona” på Madagaskar urett?

LUDVIG MUNTHE

I. Etter eit mislukka britisk forsøk på Madagaskar-misjon i 1818, installerte LMS (London Missionary Society) pionerane David Jones og David Griffiths frå Wales seg i hovudstaden Antananarivo i 1820 og 1821. Breva deira heim til LMS, til Bibelselskapet (British and Foreign Bible Society) og til slekt og vener i Wales er dei viktigaste kjelder den tidlegaste protestantiske misjons- og kyrkjesoge på øya byggjer på. Deler av denne korrespondansen har me gjort greie for i avhandlinga *La Bible à Madagascar. Les deux premières traductions du Nouveau Testament malgache.*<sup>1</sup> Me har nå i tillegg fått tak i ein del misjonærerbrev frå Madagaskar som delvis er skrivne på valisisk. Etter å ha fått omsett desse tekstane til engelsk gjennom The National Library of Wales (Aberystwyth, Dyfed Sy 23, 3 BU) er det kome fram opplysingar som me ikkje kjende under arbeidet med den nemnde boka.

Dei nye tekstane kastar eit tettare lys over sumt som gjekk føre seg i misjonärmiljøet i Antananarivo i åra før dronning Ranavalona I kasta misjonærane ut or landet og Madagaskar vart stengd for misjon 1835 - 61. Det finst i desse tekstane teikn på at misjonærane ved stridar seg imellom, til dels sjølv var skuld i at dei vart utestengde. Desse breva frå Madagaskar med valisisk tekst, er adresserte til kyrkjeleriarar i ”Wales Christ Church at Glandwr”, til ”Rev.W. Griffiths”, og til andre støtter for misjonen i heimetruktene. Grunnen til at misjonærane slik stundom nytta valisisk, synes å vere trøng for nærliek i stunder då misjonærane

lengta heim, eller hadde trøng for å takke for fellesskap og hjelp i arbeidet.

Men i sume høve ønskte dei også trygt å kunne dele tankar som dei helst ikkje ville skulle kome vidare, og slett ikkje til London. Pionermisjonærane leid under at det tidleg utvikla seg ei sterkt rivalisering mellom utsendingane frå Wales og dei "engelske" LMS kollegene som kom ut dei fylgjande åra. John Jeffrey og kona hans som arbeidde på Madagaskar frå 1822, var vel dei som mest openlyst og brutalt synte mistillit til Wales misjonærane sidan Jones/Griffiths, i skrivinga av det gassiske språket, valde å følge den europeiske (og valisiske) tradisjonen for bokstavars lydverdi, til fortrenging av den engelske.

Jeffrey-kritikken av og motstand mot dei valisiske pionerane utvikla seg etter kvart slik at det både undrar og forskrekkar. Han sette seg straks føre så langt råd var å nøytraliser den tøffe Griffiths' innverknad. I sin verste opposisjonsperiode sparar han ikkje den milde David Jones heller. I eit brev til leiinga i LMS skriv han såleis at pionermisjonær David Jones ikkje kan engelsk i det heile, og difor må vere ugild i valet av lydverdi for bokstavane i Madagaskar alfabetet. Han la likegodo til at Jones var "a murderer and villain". Misjonær Jeffrey var på mange måtar ein dyktig misjonær, di meir leitt var det at han så fullstendig kom i konflikt med kollegene.

Ser ein nærmare på innvendingane han hadde mot dei tidlegaste framlegg til gassisk alfabet og skriftspråk, skjørnar ein at han var lingvistisk skolert, og at han hadde velfunderte meininger. I røynnda forsvarte han i alfabetdebatten sume av Jones/Griffiths sine synsmåtar, utan i stridens hete å oppdagte det.

Ved eit høve i 1823 samlast dei hos kong Radama, både Mr. Hastie, Englands offisielle sendemann ansvarleg for Madagaskar relasjonane, kongens personlege franske sekretær M. Robin, saman med misjonærane, for å drøfte utkastet til Madagaskar-alfabetet som David Jones var komen fram til på Mauritius, då han var rekonesent etter påkjenningsane frå den mislukka starten på misjon i 1818. På dette møtet tok J. Jeffrey aktivt og positivt del. Det var faktisk han som fekk i oppdrag å samle og skrive ned resultatet av drøftingane på møtet: det nyrevide gassiske alfabetet.

Kongens kommenterande replikk ved det høvet syner at Radama ville sikre seg mot at serinteresser skulle tolke vedtaket på ulikt vis: "Det er eg som skal tale og skrive dette språket. Avgjer-

da er difor eine og åleine mi. Det var eg som valde å samarbeide med misjonærane tidlegare. Og det er eg som har kalla dykk som er her inn til konsultasjonar nå.”

**II.** David Jones var ein mild, venesæl mann som få kunne kome i konflikt med. Han slapp då også heller lett frå Jeffrey-kritikken, bortsett frå den eine nemnde utblåsinga. Griffiths var det derimot annleis med. Det nye arkivmaterialet gir i første omgang likevel slett ikkje inntrykk av Griffiths som ein stridens mann. Ei brevsamling frå 1821 som han sende heim med kopi av brev som han skreiv og fekk, presenterar Griffiths som ein open og positiv ny misjonær, berre oppteken av å få gjere mest råd for å etablere eit solid misjonsarbeid, som tek initiativ til å byggje opp skulehus, samstundes med at han arbeider svært seriøst med å lære språket.

Ein finn heller ikkje i denne brevsamlinga på over 30 sider frå tida før Jeffrey kom ut, spor av at Griffiths hadde irritert styremaktene eller skapt ei negativ innstilling mot seg. Snarare tvert imot. Her fortelst om Griffiths' ankomst til Antananarivo den 16. juni 1821 i lag med den nemnde diplomaten Mr. Hastie. Her i denne kortversjonen av misjonshistoria frå starten i 1818 får me detaljane om David Jones sine lidingar, då han etter den mislukka freistnaden på misjonsverksemd i Tamatave (Toamasina) saman med kollega Bevan, som døydde, måtte gi opp etter at fem av dei seks i fylget var døde, og at Jones i 1820, som den første misjonären, var komen i arbeid i Antananarivo. I Tamatave hadde misjonærane møtt politisk motstand. Men både Jones og Griffiths vart mottekte på aller beste vis i Antananarivo. Jones fekk såleis som gavé eit hus av kong Radama. Også til nykomaren Griffiths stilte kongen året etter eit statseigd hus mellombels til rådvelde, samstundes som han sette i gang å byggje eit nytt hus også til han. Griffiths kan i brevet berre fortelje om stor velvilje og opne dører hos kongen som inviterte misjonærane rett ofte til festmåltid o.l. på slottet.

Griffiths visste at kongen knapt hadde syn for den nye religionen, og at han i misjonærane si kome såg oppfyllinga av ønsket han hadde om å gjere landet sitt til eit europeisert og kulturutvikla land, der skular hadde ein like sentral plass som på den engelsk-styrte granneøya Mauritius. Kongen hadde i 1817 fått sendt nokre ”prinsar og barn frå hoffet” til utdanning og oppseding i ”His Excellency the Governor's family” på Mauritius. Griffiths fortel i dette første brevet heim at det også var kongen sjølv som skaffa

dei første elevane til skulane som han sjølv fekk opna i Antananarivo, og at kongen helsa kvar ei ny lærebok velkommen, ikkje berre i allmennfag, men like mykje om boka var ei katekisme. Pionermisjonærane var klår over at representantane for den gamle folke-religionen var redde for kristendommens frammarsj. Men i denne første misjonstida synes motstandarane å ha vorte nøytraliserete.

Det som alt frå han vart konge i 1810, var eit problem for kong Radama, var det stadige presset både frå dei offisielle engelske representantane og frå misjonærane for å få kongen til å gjere slutt på slavehald og slavehandel. For kongen som ville underleggje seg heile øya og måtte bli kvitt overvunne og brysame småkongar og deira undersåttar, var slavehandelen ei god løysing, ved sida av at det også ga staten inntekter.

Griffiths kritiserte nok kong Radama for ikkje å halde seg så nøyne til avtalen om slutt på slaveri, underskreve i 1817. Men han meinte at den engelske guvernør Hall på Mauritius, som avløyste slaverimotstandaren Farquar under ferieoppenthaldet heime, var ei ulukke for både Madagaskar og England og øydela avtalen frå 1817 om slutt på alt slaveri. Hall innførde slavar til sukkerplantasjane på Mauritius nett som tidlegare. Først då Farquhar var attende i stillinga si som guvernør, vart det rydda opp.<sup>2</sup>

Griffithsbrevet av 2/1 1822 med både valisisk og engelsk tekst, bekreftar at før den nye gruppa av yngre og "engelske" misjonærar kom, var misjonen spard for både motstand frå styremaktene og for indre uro. Griffiths skriv avslappa og glad om kor godt dei har det alle, kor uventa venleg han sjølv og kollega David Jones er blitt mottekte både av hoff og folk, og kor ivrig elevar strøymde til skulane og undervisinga dei hadde fått i stand. På Madagaskar, legg han til, takkar skulebarna slett ikkje for juleferien dei nyleg fekk. Tvert om møter dei opp mest dagleg i helga og spør om dei ikkje snart kan få ta til att.

Eit brev motteke av Rev. Thos. Griffiths, Glandow, Wales den 11. juli 1822, styrkjer dette positive utsagnet om gode arbeidstilhøve i Madagaskar-misjonen. Brevet gir oss elles ein viktig dokumentasjon om den første dåp i den protestantiske misjon si historie, ei opplysing me lenge har leita etter presis informasjon om.<sup>3</sup> Men desse breva som er så fulle av glede, let oss også ana faren for aukande problem misjonærane mellom og om korleis dette kunne få negativ påverknad på tilhøvet deira til styremaktene.

**III.** Kort tid etter dåpssamlinga vart misjonærane uventa kalla inn til slottet. Det synte seg nemleg til kollegene si undring, at misjonær John Jeffrey som nyleg var komen ut til øya, hadde makta å opparbeide, i visse miljø innan slottet, ein motvilje mot "den valisiske styringa" av misjonen. Jeffrey syntes at det ville tene misjonen om ein kom meir på linje med den offisielle engelske kontakten med Madagaskar. Dyktig og sjarmerande som Jeffrey var, hadde han i sine framstøyt fått full støtte av Englands offisielle talsmann på Madagaskar, Mr. J. Hastie.

Hastie hadde, før møtet, vore rettvis og korrekt nok til å orientere Jones og Griffiths om kva som var i gjerde: at resultatet av pionermisjonærane sitt arbeid med alfabetet ut frå den valisiske språktradisjonen, truleg ville verte forkasta. Difor førebudde Jones/Griffiths seg godt til møtet. Dei laga såleis eit dokument med demonstrasjon av uttalen av kvar bokstav i det alfabetet som dei hadde vorte samde med kongen om. Pionermisjonærane let Jeffrey sjå sitt framlegg på førehand. Sjølv om dei ved det høvet ikkje møtte motforestillingar, var dei budde på åtaka hans som kom på møtet med kongen.

David Jones gjekk i sitt svar på kritikken av alfabetet grundig til verks. Han samanlikna det gassiske alfabetet med prinsippa for ein språkleg "slektning" i Asia: malayisk, eit språk som han hadde studert både heime og under den månadslange utreisa til Madagaskar. Han påviste at i Malaysia hadde både vokalar og doble konsonantar fått same lydverdien som i forslaget dei hadde laga for gassisk. Då kongen ville kven av misjonærane som hadde best kunnskap til gassisk, kven som var fagmann med tyngde, anten Jeffrey eller Jones, måtte Hastie seia at det nok var Jones. I samsvar med dette tok kongen si avgjerd: at den valisisk-franske lydverdien skulle gjelde for uttalen av dei gassiske vokalane, og den engelsk-europeiske for konsonantane.

For å vere trygg for at dette var rett, ba kongen om å få opplese eit utdrag av ein gassisk tekst med europeisk vokallyd og same teksten med engelske vokallydar. Både kongen og Hastie slo fast at den siste var heilt uskjøneleg. Den 23. mars 1823, klokka 10 om føremiddagen, offentleggjorde kong Radama den kongelige resolusjonen som lyder: "I now appoint the French vowels and the English consonants to write my language".

I det neste brevet, skreve 15. april 1823, får me lydverdien presisert for kvar bokstav slik som kongen hadde godkjend det gassiske alfabetet. Sjølv om dette brevet er skadd og me ikkje får

med alt, er det eit viktig dokument for kulturhistoria i landet. Dette første alvorlege Jeffrey-åtaket på pionermisjonærane var med andre ord mislukka. Men han ga seg ikkje med dette. Det fortel valisiske misjonærane i eit brev av 10. juni 1824, stila heim til Newaddlwyd, innehaldande ein ganske stor avdeling med valisisk tekst. Her seiest det rett fram at dei indre problem i misjonen var vorte så store at den positive kong Radama rett og slett truga med å utvise misjonærane. Brevet som David Jones og David Griffiths skreiv heim om dette, er stila til "Rev. Thos. Phillips".

Brevet fortel at dei i februar 1824 hadde fått ei ny innkalling til kongen. John Jeffrey hadde nemleg gjort kongen merksam på at pionerane hadde tillate seg, trass vedtaket året før, å nytte eit noko annleis alfabet i skulane som dei dreiv, enn det han sjølv, i samsvar med vedtaket av mars 1823, brukte. Sjølv om pionerane rett nok hadde eksperimentert litt med 'x', 'n' og 'w', var dette slett ikkje noko brot med vedtaket. Jeffrey såg derimot her ein sjanse til å rokke ved kongen si støtte til pionerane.

**IV.** Omlag samstundes med dette kom det brev til Jones/Griffiths frå London. Jeffrey hadde også bearbeidd heimeleiinga i misjonen som spurde nærare etter bruken deira av 'w' for diftongen 'ou'. Serleg hadde Jeffrey gjort både dei heime og kongen merksam på 'n' lyden som han meinte skulle skrivast med aksent over. På ny hadde Jeffrey alliert seg med sterke krefter ved hoffet og saman med desse halde fram for kongen at pionermisjonærane var "farlige" folk. På møtet i slottet fekk Jones/Griffiths klar beskjed om konsekvensane dersom dei ikkje ville føye seg etter kongen og hans nåverande rådgjevar (les: Jeffrey). Dei skriv heim: "Dersom me ikkje innordnar oss etter Jeffrey, 'then we had to return to our country'. Kongen baud oss i tillegg 'not to do things against our conscience'." (Sitatet er frå den engelske omsetjinga av den valisiske teksten i brevet av 2/1 1822).

I sitt svar minte Jones og Griffiths kongen om at det var nett dei som hadde hjelpt han å utarbeide alfabetet og at det var dei, for skuld sin valisiske bakgrunn, som heldt fast på det prinsipielle vedtaket, medan engelskmannen Jeffrey prøvde å svekkje 1823 semja. Når det galt ei noko uklar kongeoppmoding om å fylgje samvitet, så vart dei samde, men at dei først og fremst ville akte seg for å gjere slikt som var "against the orders of God".

Stoda var brått blitt dramatisk. Kongen ga Jones og Griffiths to dagar til å tenkje seg om. Dei nytta første delen av den tida til å forhandle med "Mr. Jeffrey and his wife", men møtte berre negative avslag på alle sine framlegg til ordningar. Mr. Jeffrey hadde m.a. fått kongen med på å slå saman alle tre skulane i hovudstaden og vedteke at berre han skulle ha styret med dei.

Pionerane vedtok då å gå til kongen med melding om at dei ikkje kunne gå med på premissene for ei skulesamanslåing, og at dei heller ville stengje dei to skulane sine enn å gå med på noko som ganske snart ville føre til kaos.

Sidan misjonærane frå Wales ikkje lenger var visse på om LMS i London ville gi dei støtte, skreiv dei heim til kyrkjeleiariar i Wales og ba dei informere London om realitetane attom uroa. Men både Jones og Griffiths var førebudde på at dei også frå London kunne få eit "anathema" mot seg.

Då det klare svaret frå pionerane kom til slottet, ba rådgjevarane som Jeffrey hadde fått på si side, om at Jones og Griffiths straks måtte utvisast. Men Radama gjorde kjend at han ville sjå nærare på saka ein gong til. Innan ein månad hadde han funne ut at det også denne gongen låg intrigespel attom dei råd han hadde fått. Pionerane fylgte vedtaka frå 1823. Jeffrey hadde derimot ennå ein gong prøvd seg med desinformasjon.

Rådgjevarane vart avsette. Jeffrey som hadde ført dei på ville vegar, vart karakterisert som ein "criminal". Kongen tok frå han oppsynet med dei tre skulane, også med skulen han sjølv hadde bygd og dreve. Alt vart overført til Jones/Griffiths. Kongen tok også frå Jeffrey huset i Antananarivo og var i ferd med å utvise han frå øya.

I denne situasjonen samlast misjonærane for å rydde opp seg imellom, og for å få ein endeleg orden på tilhøvet til og kontakten med styresmaktene. Jeffrey skjøna nå at han haddeapt og såg alvoret i situasjonen. Han gjekk i seg sjølv, vedgjekk sine intriger og ba om tilgjeving både overfor kongen, kollegene og misjonen. På det grunnlaget gjekk pionerane i forbøn for han hos kongen, som til sist nølende gjekk med på at Jeffrey skulle få bli verande i landet. Men kong Radama tvangsflytte Jeffrey og frue frå hovudstaden til ei bygd ein 20 "miles" veg frå hovudstaden. Vidare ga han dei tre skulane som pionerane nå hadde i Antananarivo status som "University", eit undervisingssentrum med eineretten både til godkjenning av lærermidlar, undervising og organisering av skullearbeidet.

V. Jeffrey høyrer me ikkje stort meir til etter dette. Men ro vart det likevel ikkje, korkje i misjonærflokkene, eller i tilhøvet misjon/styresmakter. To nye, David Johns som kom til Madagaskar i 1826 og ikkje mindre J. J. Freeman som kom ut i 1827, overtok noko av Jeffreys rolle. Dei kom til å stå for den skarpaste opposisjonen ikkje berre mot den vedtekne ortografiene og skrivemåten av gassisk språk. Dei vart også ei ny påkjenning for samhaldet i misjonærflokkene.

Uhellet ville at helsa til David Jones, sjølve "sjefen", etter kvart vart skrøpeleg. Han måtte difor fleire gonger flytte over til Mauritius for rekonvalesens. "Erke valiseren" Griffiths vart då stundvis einaste pioneren att og fekk merke at han vart skyteskive for dei to nye framstormande misjonærane. Som Jeffrey var også David Johns og J. J. Freeman imponerande dyktige språkmenn og hadde lik Jones/Bevan alt frå studietida heime opplæring i språkvitskap.<sup>4</sup>

På slutten av arbeidet med omsetjinga og trykkinga av Bibelen hadde misjonærane blitt samde om å gi opplæring i engelsk og klassiske språk til sine gassiske hjelphemenn, ungdomar stilte til disposisjon av styresmaktene. J. J. Freeman hadde vore mot å setje dei gassiske medarbeidarane til med å lære klassiske språk. Han meinte det ville ta for lang tid og såleis vera nyttaust for omsetjinga av Bibelen. Det hadde han visseleg rett i. Han var difor lettå då språkprosjektet som omfatta både gresk, hebraisk og latin vart lagt bort. Freeman hadde funne meinung i å undervise dei i engelsk. Johns hadde nølande teke på seg latinundervising.

Det som mest irriterte og nørte opp under misstemninga i kollegaflokkene var den lange rekke med kritiske merknader til bibelomsetjinga dei to sette fram. Den sterke og sjølvstendige, ja stundom firkanta Griffiths avviste kaldt dei fleste framlegga deira.

Også J. J. Freeman oppheldt seg i åra 1829-31 stundvis på Mauritius for å få helsehjelp. Det ga han høve til å prøve på å setje David Jones opp mot sin gamle kollega. Serleg ønskte han å få Jones med på å bremse den veldige hast Griffiths hadde med å få trykt NT ferdig. Tanken var nok å få tid til å bryte ned Griffiths' "dogmatisme", som stengde for forbettingar. På det punkt ga David Jones dei to kritikarane delvis støtte. Også den milde Jones syntes at Griffiths stundom tok for sterkt i, både overfor dei to yngre kollegene, og i sin propaganda heimover for å skunde

på arbeidet med å gjere Bibelen ferdig. Griffiths hadde såleis sendt melding til britiske medier om at tusen gasserar nå kunne lese og berre venta på sin Bibel. Dette karakteriserte Freeman/Johns som rein løgn. Dei meinte berre kring 50 personar på den tid var i stand til å lese ei bok som Bibelen.

Etter kvart spissa striden seg til. Farleg vart det på ny då Freeman/Johns trekte styresmaktene inn. Kjeldematerialet viser at dei to ”nye” lukkast stadig betre i å etablere gode relasjoner til dronning Ranavalona og miljøet kring henne. Ho hadde teke over styret på Madagaskar i 1828 etter Radama. Dei to nye misjonærane, ikkje Griffiths, fekk såleis av styresmaktene tre nye gassiske ”copistes” til bibelarbeidet som dei med iver hadde teke del i straks dei kom ut og hadde lært nok av språket. Freeman/Johns gjorde støtt fleire framstøyt for å seinke Griffiths' produksjonsplanar. Dei vona slik, før det var for seint, å få rette opp ”det verste” i den reviderte omsetjinga under trykking, og få tid på seg til å tvinge gjennom naudsynte forbetringar.

At dei gjekk hardt til verks, skjønar ein når kjeldematerialet fortel at dei utan å seia frå til Griffiths som leia produksjonen, skrev til London og ba leiinga i LMS om å stogge utsending av papir til trykkeriet i Antananarivo.

**VI.** Frå slutten av 1820-åra vart den nye indre striden stadig hardare. Han vart serleg ille då Freeman/Johns også tok opp spørsmålet om eigedomssetten til kyrkjene. Dei gamle misjonærane hadde ”kvar si” kyrkje bygd i eller kring hovudstaden. Der kunne dei også, ut frå sitt kongregasjonalistiske kyrkjesyn, organisere arbeidet som dei sjølv ville. Men dei nye ville ikkje finne seg i denne ordninga. Ikkje var det aktuelt å byggje fleire kyrkjer, og ingen kyrkjer stod ledige utan ”eigar” som dei kunne få ta over.

Då denne nye indre striden om kyrkjebrygga braut ut, skjøna Jones at det bar galt av stad. På ei av sine Mauritius-ferder for skuld helsa, tok han difor i brev både til Madagaskar og til misjonsleiinga heime i England, klårt parti for Griffiths i spørsmålet om brukssetten til kyrkjene som pionerane hadde bygt. Han stilte seg også ved sida av Griffiths i spørsmålet om papir til trykkeriet. I vente på papir frå England fekk han endå til sendt det naudsynete frå Mauritius, så Griffiths kunne halde fram med revisjon og trykking av Bibelen etter planen.

Men Freeman/Johns' motstand mot Griffiths heldt også fram. Då dei begge hadde ei hand med i arbeidet med Bibelen,

tillet dei seg endå til, utan å spørje Griffiths, å endre på tittelsida i det gassiske Nytestamentet. Etter Griffiths-manuskriptet stod det at utgåva var skriven på "teny nkova" (= på hova-målet). Dette endra dei nye til "teny malagasy" (= på gassisk). Dei prøvde også i GT-delen å byte namnet på Mose-bøkene: skriva "Creation" i staden for "Genesis" etc. Men dette avviste Bibelselskapet i London då initiativet deira kom dit.

Etter slike utspel var stoda frå byrjinga av 1830-åra så ille at Griffiths braut alt samarbeid med dei to. Han ville ikkje lenger vere deira "slave". Den reaksjonen kan ein ikkje undrast så mykje på for dei to kunne tillate seg det mest uventa: Samstundes med at trykkerimannen Baker var i England for å ordne med ei ny og betre presse, forhandla Freeman/Johns parallelt, i løynd også om ny presse. Dei hadde endå til fått lovnad av dronninga om fri transport (bærarar) til dei tunge pressedelane frå hamnebyen Tamatave opp til hovudstaden.

Det mest skadelege ved striden var ikkje at misjonærane sloss seg innbyrdes, men at kyrkjelyden i hovudstaden vart delt. Freeman/Johns fekk med seg ein flokk som klaga til dronninga på Griffiths, medan dei fleste gasserar stod på Griffiths si side.<sup>5</sup> Men at striden også tok hardt på misjonærane, gir Freeman eit sterkt uttrykk for i brev av 10. desember 1829 stila til "Mr. Orme, Foreign Secretary". Freeman som sjølv var ein vesentleg del av problemet, kjende for eigen part at situasjonen var så "painful" at han nå drog sin veg til Mauritius. Den store oppgåva han var sendt ut for å løyse, fekk han ikkje fullført. Så lenge stoda var slik, hadde han ikkje helse til å halde ut: "I regard him (Griffiths) as the principle cause of the dispute and measures which have ever existed in the Mission". Som bevis for at hans vurdering var rett, legg han til at nå protesterte sjølv David Jones mot sumt av det Griffiths fann på.

Griffiths hadde heilt teke kommandoen i omsetjings- og revisjonsarbeidet. Jones var blitt tagal på arbeidsmøta. Sjølv gasserrane i komiteen hadde sluttå å ta ordet. Når dei sa at slik og slik heiter det på gassisk, nekta Griffiths for at dei hadde rett, eller så gjekk han berre vidare utan å ta spørsmålet opp. J. J. Freeman var klår over at han sjølv var den skarpaste opponenter mot Griffiths. Men sjølv om han ikkje kunne gjere noko anna, kjende han at situasjonen var uakseptabel og øydande for samhaldet i misjonærflokkene, og skadeleg for tilhøvet deira til styresmaktene.

Omlag eit halvt år tidlegare (12/5 1828) hadde David Johns skreve heim til London om at kong Radama, dette siste året han levde, inviterte misjonærane og andre utlendingar til å verte gassiske statsborgarar samstundes som han avgrensa opphaldsløyvet for dei som ikkje ønskte å la seg registrere som gasserar til maksimum ti år. Sjølv hadde Johns, som kom i 1826, åtte år att. David Jones som kom til Antananarivo i 1820, hadde berre to år att og Griffiths tre år.

Misionærane hadde etter alvorlege samrådingar vorte samde om å takke nei til invitasjonen om statsborgarskap. Grunngjevinga deira var at styresmaktene i Antananarivo ennå ikkje hadde full kontroll over heile landet og at framtida såleis var utrygg. Samstundes kan dei ikkje ha vore framande for tanken om at dette kunne vere eit forvarsel om at det i styringsmiljøet i hovudstaden fanst krefter som ønskete kyrkja sin plass avgrensa, ja kanskje heilt bort.

**VII.** Det ser ut som om David Johns var den som tok initiativet under dei siste samrådingane misjonærane mellom, til å få orden på tilhøvet mellom Griffiths og ein del av kollegene. David Johns var sjølv frå Wales og hadde ikkje som Jeffrey språkpolitiske grunnar for sine innvendingar mot Griffiths og hardkjøret hans for å få Bibelen ferdig trykt. Han var meir uroleg for den språklege kvaliteten på omsetjinga. Johns er elles ei viktig kjelde for kunnskap om førsteutgåva av det gassiske NT.

Det som tilslutt opna augo for Johns og resten av kollegaflokken, var truleg at dronning Ranavalona ikkje berre minna om, men også stramde inn og formaliserte dei nemnde opphaldsløyva på maksimum ti år, gitt av kong Radama. Når ho i første omgang utvida fristen for Griffiths med to år, tolka Johns og dei andre misjonærane dette mest som uttrykk for dronninga sin irritasjon over misjonærane sine åtak på pionermisjonären, og som kritikk for at dei ikkje hadde samrådd seg med styresmaktene. Ho ga nemleg alt i 1832 uttrykk for at ho åleine avgjorde kor lenge utlendingar skulle få bli på øya og når dei skulle forlate landet.

Dessutan skjøna Johns at misjonærane ikkje lenger kunne gjere store skifte i personalpolitikken utan å ta omsyn til dei gassiske kristne sine ønskje og meininger. Alt i juni 1831 fekk han nemleg brev frå tre av gasserane som arbeidde i trykkeriet om at dei hadde lagt merke til at Griffiths hadde byrja pakke saman som for å reise bort. Det var synbert av brevet at dei kjende til misjo-

nærplanane om å sende Griffiths heim. Men etter gassisk skikk uttrykte dei seg varsamt og vona at eit eventuelt Griffiths-fråvær ville verte kort og at han snart ville vere attende.

David Johns let dette brevet gå inn som bilag i det store "Memorial-brevet" heim, skreve den 1. juni 1832. Me ser her korleis misjonærane, då dei skjøna at hetsen mot Griffiths hadde gått for langt, prøvde å reparere skadane.

"Memorial" siterar også frå eit par andre brev som tydeleg har gjort inntrykk på D. Johns, og som har fått han til å revurdere nytten av kravet om å få Griffiths bort. Det eine brevet frå 26. juli 1832 er også frå trykkerifolk. Dei skriv til sjefen sin, trykke-rimannen Edward Baker på Mauritius, undervegs til London for å ordne med innkjøp av den nye og større pressa. Han blir bedt om å fortelje leiinga heime kor kjær og verdfull Griffiths er for alle ved trykkeriet:

Me vil verte som kyllingar som har mist mor si om han reiser. Me orkar heller ikkje tanken på at folk skal tru me har ønskt at vår åndelege far skulle utvisast. Utan Moses ville Israel ikkje ha greidd seg. Utan Griffiths er kyrkja her utsett for farar og undergang.

Brevet sluttar med underskrifta: "Say those who wish to follow Jesus here in Madagascar". Baker kunne også opplyse gjennom sitt bidrag til "Memorial", at det var slutt på stagnasjon i det åndelege arbeidet, noko som hadde uroa misjonærflokkene ei tid. Han legg til at det var i ei nyestablert Griffiths-kyrkje at framsteget var størst. Der var 100 nye lagt til kyrkjelyden på kort tid.

Den 29. august 1831 svara misjonsleiinga i London litt varsamt at dei av det store klagebrevet frå Madagaskar-misionærane skreve 29. desember 1829 hadde skjøna stoda slik at fleirtalet ute meinte at sjølv om Griffiths vart kalla heim, så ville Freeman, Johns og David Jones vere i stand til å fullføre Bibel-arbeidet. Når tonen nå var ein annan i breva frå Antananarivo, ønskte LMS i London ei avkrefting eller eit ja på om det framleis fanst eit samstemt ønske utanfrå at Griffiths burde "repair to Cape of Good Hope" i Sør-Afrika, kallast heim til England, eller at han i fred og ro kunne fullføre sitt arbeid i Antananarivo.

Heimeleiinga ønskte tydeleg ikkje å ha skulda for denne "nære på" heimkallinga av Griffiths og syner til dei ulike breva som var komne utanfrå. Men at det hadde vore nære på skjønar ein når misjonærar ute "competent to evaluate the moral situation, had

found it desirable that Mr.Griffiths should be instructed to leave without delay to the Cape of Good Hope where there will be provided for him an appropriate sphere of labour". Det som fekk London til å skjøne at utvising av Griffiths var ei dårleg løsing, var truleg at spørsmålet om eigedomsretten til pressa i Antananarivo kom opp. Det ser nemleg ut som om Griffiths meiner seg å ha disposisjonsretten over trykkeriet og at han med ein viss rett truga med å ta det heile med seg om han, slik det høyrdest ut, skulle sendast til Sør-Afrika.<sup>6</sup>

**VIII.** Med tanke på dronning Ranavalona sin påstårte motstand mot kyrkja, utvisinga av misjonærane i 1835, isolasjonen frå Europa i over 25 år og forfylginga av gassiske kristne som ho sette i gang, ville ein gjerne tru at det var ho som stod attom og hadde late misjonærane skjøne at ho ønskte Griffiths fjerna. Men dei nyfunne kjeldene syner tvert om at ho stod som verje for Griffiths. Edward Baker viser i si samling støttebrev for Griffiths både frå dronninga sjølv og frå ei mengd både offisielle og private grupper i Antananarivo, at ansvaret for Griffiths-hetsen må misjonærkollegene hans ta. Baker fortel såleis at han på Mauritius, på veg heim til England for å ordne med den omtala nye pressa, hadde fått eit brev ettersendt frå Antananarivo, frå "Voalavo og Totosy", kjælenamna på dei to mest kjende gassiske studentane som kong Radama i si tid sende til England.<sup>7</sup> Dei to sende nå til E. Baker kopi av dronningerklæringa av 14. august 1832 om at ho ikkje ville tillate nokon å sende Griffiths frå Madagaskar.

Vidare fortel Baker at han sjølv på denne gjennomreisa på Mauritius vart kalla inn til "the Secretary of State" i den engelske administrasjonen på øya for å omsetje frå gassisk eit offisielt brev dei hadde fått frå dronninga på Madagaskar, der ho uttrykte i sterke ordelag kor nøgde dei gassiske styresmaktene hadde vore med Griffiths, heilt frå kong Radama si tid. Ho hadde sjølv, skreiv ho, aldri vore i nærleiken av å måtte kritisere Griffiths og skjøna difor ikkje at nokon i misjonsmiljøet meinte han burde jagast heim. Ho la til at sidan ho ikkje kunne tenkje seg at LMS-leiinga i London stod attom dette, ville ho gjerne vete om det var den engelske administrasjonen på Mauritius som hadde lagt seg borti Griffiths-saka.

Med tanke på utvisinga av misjonærane tre år seinare gir dette eit interessant perspektiv på den labile situasjonen på øya. Det politiske miljøet som kjempa mot framand påverknad både poli-

tisk og religiøst må ha vore sterkt. Men ennå hadde kyrkje / misjon full støtte både frå dronninga og frå dei sterkeste kreftene i hoffet hennar.

"Memorial-breva" fortel at dronninga i april 1832 ga uttrykk for at ho heller ikkje hadde noko imot at misjonærane grunnla fleire kyrkjer, forkynnte, døypte og underviste. Dette er så mykje meir oppsiktsvekkjande ettersom ein tidlegare gjennom profanhistoriske og kyrkjeloge publikasjonar har hatt inntrykk av at ho alt frå sin første dag som regent, kjempa mot kyrkja og var uvenleg både mot gassiske og utanlandske kristne. Det stemmer såleis ikkje.

Edward Baker har tydelegvis glede av å kunne peike på dronninga si verjande hand over Griffiths. Men han syner også til andre støtteerklæringer for sin kollega. Eit vedlegg kalla "Extract from letter No 3" frå 15. august 1832 underskrevet av trykkeriarbeidarane Rahila..(?), David Ramahara og Rabolata, uttrykkjer sår fortviling over at "han som er glad i oss gasserar og som har gitt oss del i Guds signing", skal måtte reise frå landet på dette viset. Eit anna "Extract from letter No 4" skreve litt seinare same året, fortel om glede i hovudstaden over det dei nå hører: at dronning Ranavalona vil halde han attende og hindre all utvising. Skrivarane av brevet veit at fiendar av Guds rike i det gassiske miljøet ventar utsmodig på at kongen i England skal ordne med pengar til heimsendinga av Griffiths. Men dei veit også at både offiserar og domarar og andre i offisielle stillingar på Madagaskar har vend seg både til dronninga og til Gud med bøn om at Griffiths må få bli. Dei peikar på hans store språkkunnskap og på evna hans som forkynnar. "Om ein annan misjonær greier å forandre eit menneskesinn, vil Griffiths omvende to." Dette sistnemnde brevet er underskrevet av John Rainisoa, leiaren for søndagsskulelærarane.

Baker sluttar "Memorial-brevet" av slik:

Dersom Griffiths blir her, er eg viss om at alle misjonærane vil auke innsatsen sin for å gjere Bibelomsetjinga ferdig slik at Madagaskar skal få Guds ord. Eg som står utanom striden, og som er ven med dei alle, er klar til å få tekstane gjennom pressa. Arbeidet skal bli gjort ferdig, om ikkje berre med glede, så likevel effektivt og med støtte frå alle. Tapet av noko tid gjer oss vondt, men stridane har truleg lært oss til heretter å arbeide betre saman. Underskrift: Edward Baker.

Når misjonærane som sjølv hadde sett heimkallingsprosessen i gang, nå tok til vetet og ba misjonsleiinga heime om å stogge det heile, var det nok fordi samvetet vakna, men også at dei såg farlege teikn for kyrkjå sine utviklingskår. Dronninga hadde verja Griffiths mot kritikken kollegene og visse gassisk-nasjonalistiske miljø reiste mot han. Men misjonærane hadde i det siste også merka seg at dronninga i aukande grad let seg presse av religiøse motkrefter som kritiserte alle misjonærane, også Griffiths. Når ho dertil tok fram att kong Radama sitt vedtak om fastlagde åremålsopphald, og truga med å gjere dei strengare, vart det ikkje lenger oppfatta som tilbod til misjonærane, men som trugsmål om generell utvising.

Den 26. november 1832 syner David Johns i si melding heim til det gledelege i at dronninga i sympati med Griffiths, hadde sendt ut melding om at styresmaktene ikkje ville hindre etablering av nye kyrkjer, og at ho aksepterte gasserar som hadde ønske om å la seg døype og verte "nattverdkristne". Men Johns legg til at ho diverre straks etter trekte alt dette positive attende. Johns er nå redd for at "everything may be stopped in one day". Men han legg til at sjølv om misjonærane ikkje lenger får døype fleire, og dei innfødde ikkje lenger får løyve til å ta del i sakramenta, så får dei ennå høve til å kome til gudstenestene og gå til kristen undervising.

Men det var eit unntak også for det sistnemnde. Dronninga stengde slavane ute frå alle former for undervising. Talet på slavar auka i hovudstaden etter kvar dronningherferd til ulike partar av øya. Det var heller ikkje lenger stort att av kong Radamas avtale med England om å få slutt på alt slavehald og sal. Livskåra for heimlege trælar vart også stadig verre. Slavebarn vart såleis gjerne skilde frå foreldra sine. Når offiserane selde sin slavedel av krigsbyttet, talde pengane meir enn mødrene sine tårer.

## Konklusjon

Gjennom det nye materialet me her har lagt fram, syner det seg at dronning Ranavalona I i sine første styringsår fram til 1832-33, var venleg og positiv til misjon og kyrkje. Då ho verja Griffiths mot dei som ønskte han utvist og ga ikkje berre han, men alle misjonærane løyve til fritt å fremje kyrkjebygginga arbeid, synte også Ranavalona at ho såg verdien i deira arbeid.

Likevel vart vedtaka hennar kring misjonen etter kvart meir og meir merkt av tvisyn. Striden misjonærane mellom nytta ho

som ein av grunnane for utvisinga i 1835. Men sjølv om desse stridane gjer dette radikale vedtaket ein flik av akseptabilitet, nytta ho det eigentleg for å skjule at ho hadde gitt etter for viljen til leiarane for den gamle folkereligionen. Dei fekk etter kvart så stor makt over henne at ho ikkje berre kvitta seg med misjonærane, men isolerte Madagaskar frå praktisk tala all kontakt med og påverknad frå Europa i det meste av si regjeringstid.

Sterkt medverkande for hennar syn var det irriterande politiske presset på handel og val av samarbeidspartnarar frå fleire europeiske land, serleg England og Frankrike, og frå deira representantar på øya. Utvisinga av misjonærane var difor kanskje først og fremst ein av konsekvensane av isolasjonsvedtaket som varde frå 1835 til 1861. Men dronninga kjende seg også truga av den åndelege makt misjonærane representerte og av den innverknad kristendommen etter kvart fekk over folks kvardag. Men kristenforfylgingane ho sette i gang og drapet av alle martyrane, skuldast eine og åleine at ho på ei vis ga opp og i røynda ga makta frå seg til leiarane av den gamle folkereligionen, og at ho dei siste 25 åra berre i namnet vart sitjande som regjerande dronning.

I dag er det på Madagaskar i gang arbeid for å påvise at dronning Ranavalona I slett ikkje hadde noko ansvar for kristenforfylginga. Det vil nok ikkje lukkast utan å underslå vesentlege historiske fakta. Men under ei noko anna indre politisk utvikling på Madagaskar i hennar regjeringstid, kunne ho truleg ha vorte kvitt tilnamnet ”den blodige”.

## Noter

1. Ludvig Munthe: *La Bible à Madagascar. Les deux premières traductions du Nouveau Testament malgache*, Egede Instituttet, Oslo 1969.
2. Med urette er misjonen kritisert for ikkje å ha brydd seg nok om det store sosiale problemet: slaveriet. Den kritikken er urimeleg. Griffiths passar på å få med i denne første brev-samlinga at misjonærane, alt frå dei første som kom i 1820, munnleg og i brevs form hadde bedt kongen om å gjere slutt på slaveriet. (Brevet frå 1821 er skreve dels på Mauritius, dels etter at han var komen til Madagaskar.) Når det gjeld forhandlingane mellom kong Radama og England om slaveriet, sjå også ”Radama I et les Anglais. Les négociations de 1817 d'après les sources malgaches (‘Soabe inédites’)", av Ludvig Munthe,

Charles Ravoajanahary, Simon Ayache, utgitt i: *Omaly sy Anio*, Antananarivo, nr 3-4, 1976, s. 9-104.

3. Arbeidet i Antananarivo tok til i 1820. Å sjå til synes ikkje misjonærane å ha hatt eit sakramentsyn som skunda dei til å få døypt gasserar som hadde gått inn i kyrkja. Først i 1822 feira dei den første dåpen, av to misjonærbarn. Dette var heller ikkje uventa. Misjonærane kom frå eit kyrkjemiljø som var framandt frå det høgkyrkjelege miljøet i Storbritannia. Men på andre sida gjer dei så mykje ut av denne dåpshandlinga at me truleg bør revidera vårt inntrykk. Det var høgtid i Antananarivo nyårsdagen 1822 då David Jones døypte sin nyfødde son saman med Griffiths si vesle dotter. På ein god måte fekk han markert dåpen sin plass i kyrkja. Gudstenesta vart ei sterk kyrkjeleg markering. Kongen var invitert og hadde takka ja. Men då han vart forhindra frå å møta, kom broren Rahova saman med høgsterett-domaren som representantar for styresmaktene. Europeane i byen var alle inviterte og møtte saman med dei vanlege kyrkjegjengarane og barna frå misjonsskulane. Jones nytta høvet under høgtida til å fortelje på gassisk og fransk om dåpens "nature and ordinance". Han tok m.a. opp skilnaden mellom dåp og omskjæring. I fylge eit D. Johns brev frå 12/5 1828 var det først det året, altså seks år etter, at misjonærane fekk formelt løyve av styresmaktene på Madagaskar til å døype tidlegare og dáverande elevar i skulane, og elles andre som var villege til å markere sitt medlemskap i den kristne kyrkja.
4. For vårt tidlegare arbeid med *La Bible à Madagascar* (sjå note 1) er David Johns-brevet av 12/5 1828 sers interessant. David Johns legg nemleg her fram beviset for kor langt misjonærane var komne i studiet av dei greske grunntekstane. Hovudteorien me arbeidde oss fram til i boka, var at førsteutgåva av det gassiske Nytestamentet vart omsett til gassisk frå ei samling greske tekstar utgitt av Griesbach i 1820 og ikkje, som venta, frå *Textus Receptus*-gresken. Me viste i boka at dette teoretisk måtte vere slik ved å studere dei "omissions" og "additions" frå dei to mulige greske utgåvene som det gassiske NT kan ha teke omsyn til. David Johns fortel fylgjande i den delen av brevet av 12/5 1828 som me nå har fått tilgjenge til: "We spend two days every week to revise the Scriptures. We take Griesbachs Greek and Text as standard in the N.T. the Hebrew Bible in the O.T. and use all the critics we can get." Dette er eit mest utruleg faktum: Medan England og Europa elles omsette sine NT frå *Textus Receptus*-gresken, våga unge misjonærar på Madagaskar, utan å samrå seg med Bibelselskapet eller med misjonen heime i London (fordi dei visste dei ville ikkje få løyve) å byggje det gassiske NT på dei eldste og best litande grunn-

tekstfunn som var tilgjengeleg. Den gassiske førsteutgåva av NT er såleis tufta på eit tekstgrunnlag som er nærmare det som me omset frå i dag, enn det samtidia nyttta i Europa. I *Bulletin of the United Bible Societies* (Nr.85, First Quarter 1971, s.46) gjer generalsekretären, franskmannen Olivier Béguin i si melding av *La Bible à Madagascar* begeistra merksam på den serlege posisjon i bibelomsetjingssoga den gassiske førsteutgåva av NT såleis har fått.

5. For detaljer og nærmere opplysingar om desse stridane knytte til namna David Jones, Edward Baker, David Griffiths, J.J. Freeman, David Johns, sjå *La bible à Madagascar*. Slå opp på Index s.234 ff.
6. Det har vore diskusjon på Madagaskar om ei av dei første pressene på øya verkeleg vart førd over til Sør-Afrika. Advarselen vart truleg berre brukt som argument i striden misjonærane mellom.
7. *La Bible à Madagascar*, s.81 (sjå note 1).

*Ludvig Munthe*, f. 1920, Misjonsskolen 1941-1946, NMS Madagaskar 1946-1965, lærer ved Misjonsskolen 1966-1977, professor ved Menighetsfakultetet 1977-1988, medlem av styret for Egede Instituttet. Redaktør av NOTM ei kort tid. Bøker om dei tre eldste skrifttradisjonane på Madagaskar: 1) den arabiske frå år 1000, 2) den fransk-katolske frå 1650-åra, 3) den britisk-protestantiske frå 1820-åra med fastsettjing av det moderne alfabetet i samband med omsetjinga av Bibelen til gassisk, sjå *Forskere i misjonens tjeneste*, Misjonshøgskolens forlag, Stavanger 1993, s.31 ff.

### **Have we done the “bloody Queen Ranavalona” on Madagascar an injustice?**

This study, based on sources made available through the translation of some central Welsh documents on Madagascar, shows that not only Queen Ranavalona I who expelled the missionaries in 1835, but also the missionaries themselves are to blame for threatening to send Griffiths, the pioneer missionary home. The queen had protected him for many years. Finally convinced by the strong opponents of the new religion, she gave in and let the opponents in reality take over the power during the last half of her reign.